

Austrheim Kommune
avd. for byggesak
Sætre marka 1
5943 Austrheim

Mjelde Bygg AS
Mjelddalen 85
5286 Haus
Telefon: 56 39 78 78
Epost: hei@mjeldebygg.no
www.mjeldebygg.no

Deres ref:

Vår ref:
12201

Dato:
30.06.2022

Søknad om løyve til tiltak ved. gbnr. 148/123 i Austrheim Kommune

Søker med dette om løyve til tiltak ved gårds- og bruksnummer 148/123 i Austrheim Kommune. Søknaden omhandlar oppføring av einebustad og garasje på Åråsvågtoppen. Tiltakshavar er Kjartan Fønnes

Søknaden omfattar også ferdigstilling av veg fram til 148/123. Vegstykket er på gbnr. 148/14.

Planstatus

Eigedomen er plassert i delfelt BH-5 under reguleringsplan for Åråsvågmarka. Føremålet er «Bustad- og fritidsbebyggelse»

Naboforhold

Tiltaket er varsla via E-byggesøk. Det er ikkje mottatt merknader mot tiltaket.

Det er henta inn naboerklæring for plassering av garasje mot 148/122 og samtykke frå heimelshavar av 148/14 for ferdigstilling av veg.

Dispensasjon

Det er ikkje avdekka behov for dispensasjon. Pkt. 6 under «Byggeområder» i føresegnene gjer opnar for plassering av garasje utanfor byggegrense.

Vatn og avlaup

Tiltaket vert tilkopla offentleg system for vatn og avlaup. Søknad om sanitærabonnement vert sendt inn for seg.

Avkøyrsløse og parkering

Parkering vert løyst på eigen tomt.

Veg fram til 148/123 er påbegynt ved utvikling av feltet. Vegetasjon er fjerna og det er utført boring som klargjering for sprenging. Tiltakshavar har fått samtykke frå 148/14 om å ferdigstille veg fram til 148/123.

Utnyttingsgrad

Utnyttingsgrad er sett til 25%-BYA i reguleringsplanen. Utnyttingsgraden for tiltaket er 15,35 %

Utomhus

Som vist på vedlagte teikningar vert det oppført forstøtningsmurar for å oppnå nødvendig planert areal på tomta. Ingen forstøtningsmurar vert høgare enn 2 meter. Planert areal som ikkje vert nytta til bygningsmasse, parkering og gangareal vert arrondert med jord og beplanta for å minske tiltakets innverking på terrenget.

Plassering

Tiltaket det vert søkt om vert plassert som vist i situasjonsplan. Koordinat for plassering vert sendt kommunen ved søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest. Høgd for ferdig golv vert +33,5


Ansvarsrettar

Alle ansvarsområde er belagt med ansvar. Ansvarlege føretak har erklært ansvar, samt signert samsvarserklæring, som stadfestar at det ikkje står att punkt som går i mot at det kan gjevast igangsetjingsløyve for deira fag. Ansvarleg for grunnarbeid overtar ansvar for utført arbeid innanfor byggegrensene på tomta.

Andre forhold

Det er ikkje avdekka ytterlegare forhold som treng handsaming. Venleg ta kontakt med undertekna ved behov for ytterlegare informasjon i høve saka.

Beste helsing,



Andreas Tveiten

Mobil: +4748880444

Epost: andreas@mjeldebygg.no